



Rovviltnemnda i Oppland  
v/Aud Hove

### Prøveordning med skadefelling av jerv på slutten av lisensjakta

Som så mange gonger før er vi uroa og fortvila over at bestanden av jerv i Oppland er for stor. På nettsida hos FMOP under rovvilt er det nemnt 5 kulepunkt som er sagt å vera FMOP sine oppgåver i forvaltninga av rovvilt. I det 5 punktet, som sjølv sagt også samsvarar med forvaltningsplanen, står dette: **”Være sekretariat for den regionale rovviltnemnda, som skal sørge for at rovdyrstammene forvaltes slik at antallet dyr er så nært bestandsmålet i regionen som mulig.”**

Dette meiner vi ikkje er følgt opp, og vi vil koma med eit forslag som vi meiner kan vera freistande å prøva for 1: Koma seg ned på bestandsmålet og 2: Halda seg nede på bestandsmålet i framtida.

Vi veit samstundes at både beitebrukarane og rovviltnemnda i Oppland slit med dette temaet, da Miljødirektoratet i eit avslag til Nord-Fron kommune i haust, om å få lov til å nytta ”løs på drevet halsende hund” som hjelpemiddel i skadefelling av jerv, bl.a. skriv dette i avslaget: **”Manglende effektivitet av skadefelling i barmarkssesongen gjør at Miljødirektoratet i praksis anser omfattende rovviltangrep på bufe som bedre dyrevelferd enn å tillate løs, på drevet halsende hund.”**

Vi kan ikkje skjønna at Miljødirektoratet kan bruka slik argumentasjon.

Jerv har i alle år sidan rovdiret vart freda vore eit problem for beitenæringa, og i Oppland har den vore den største skadevoldaren i alle år. Vi har rett nok ansvar for eit bestandsmål på 4 ynglingar i Oppland, men vi har til vanleg lege på eller helst over og langt over dette. Ser vi på ”Rovbase” og leitar fram hi-uttaka i den lokale basa vår dei 5 siste åra, kan ein setja opp ein slik tabell:

Tekst	Bestandsmål*	Bestand*	Uttak**	Kvote/ felt***	3-årssnitt bestand
2013	4 yng./26 dyr	5 yng./32 dyr	0/2/2	6/2	3,66/23 dyr
2014	4 yng./26 dyr	7 yng./45 dyr	8/0/9	8/9	5,33/34 dyr
2015	4 yng./26 dyr	10yng./64dyr	12/1/5	12/5	7,33/47 dyr
2016	4 yng./26 dyr	7 yng./45 dyr	1/1/7	21/7	8,00/51 dyr
2017	4 yng./26 dyr	6 yng./38 dyr	5/2/0	12/0	7,67/49 dyr
Snitt	4 yng./26 dyr	7 yng./45 dyr	5/1/5	12/5	6,40/40 dyr

\*) Dokumentert minimum bestand. 1 yngling = 6,4 individ

\*\*\*) Uttak 16/02-15/02 neste år: hi-uttak/skadefelling/lisenfelling

\*\*\*\*)Kvote er vedtaksåret i lisens-sesongen, og felte er felte dyr i lisensjakta

Fakta er altså ein gjennomsnittleg bestand på 7 ynglingar eller nesten 20 dyr for mykje i snitt dei siste 5 åra. Ser ein på skadeområda så er det mange beitelag som går att kvart år, og mange ligg i beiteprioriterte områder. Hadde vi prioritert ei aktiv og meire rettferdig forvaltning etter bestandsmålet ville skadane kunne verta fordelt på ulike beitelag år om anna, og skadane i beiteprioriterte områder ville verta tilnærma null, sjå kart på s. 4. Hadde det ikkje vorte teke ut hi-uttak ville det ha vore ei enda større katastrofe og kroken på døra for alle beitelaga i jervområda. Men sjølv med hi-uttak slit mange i Oppland heilt ufortent med jerven. Vi er sterkt i mot at forvaltninga ved Rovdata dokumenterer eit hi-uttak av jerv som om ei yngling er teke ut. Til og med seier dei det når berre kvalp/kvalpar vert teke ut og tisper og resten av dyra i reviret framleis lever. Når tisper og kvalp/ar vert teke ut er det enda 2-5 dyr att i ynglinga/reviret og når berre kvalp/ar vert teke ut er det enda 3-6 dyr att i ynglinga/reviret inkludert ei tisper som mest truleg ynglar att neste år. Den gjennomgåande feilen i forvaltninga er at vi heile tida er ein ynglesesong for seint ute med uttaket.

Av den grunn er lisenskvota også i år sett altfor lågt for å koma ned på bestandsmålet. I tillegg har kvota på langt nær vorte teke ut dei siste åra. Av ei gjennomsnittleg kvote på 12 dyr dei seinare åra er berre 5 felt. Fyller vi kvota i årets lisensfellingsperiode vert tal felte 7 av 12. I tillegg har vi enda ynglingar av jerv i beiteprioriterte område, som i Sikkilsdalen, som ikkje er teke ut, og ynglingar av jerv som har voldt årlege store skadar i mange år hos beitebrukarar i og rundt Vuludalen. I jervsona, som vi i utgangspunktet skulle nytta byrdefordelingsprinsippet i slik at ynglingane og dermed dei største skadane kunne spreiaast over ulike beiteområder år om anna, er heller ikkje målet nådd. Lordalen på Lesja er eit ”godt” døme på dette med store årlege skadar. I alle desse nemnte tilfella vil dagens forvaltning føra til at beitebruken i områda vil vera ein mindre attraktiv matvareproduksjon for jordbruksnæringa. Denne praksisen gjer i alle fall at tilliten mellom beitenæringa og den svært sentralstyrte forvaltninga kjem ned på eit lågmål. I beitesesongen vert

skadefellingsløyve gjeve som eit plaster på såret, men som vi alle veit lykkas ein sjeldan med dette. Jervområda ligg krevjande til og medlemmane i dei kommunale jaktlaga slit med motivasjonen til å gå innover fjellet i fleire timar, for å gjera noko dei veit ikkje fører til noko resultat.


**Etter mange år med dårlege resultat med skadefelling av jerv på barmark i Oppland, der ingen har vorte felt på ordinær skadefelling dei siste 4 åra, foreslår vi at Rovviltnemnda i Oppland skal starta ei prøveordning der skadefelling av jerv blir flytta frå barmarksesongen til vintersesongen, i perioda frå 15. januar til 15. februar.**

Det skal ikkje gå utover den ordinære lisensjakta eller jerveprosjektet, med sine verkemidlar som bl.a. er jervebåsar og bruk av kunstig ljøs på åteplassar. Dette forslaget betyr at skadefelling kan utøvast den siste månaden innanfor gjeldande lisensfellingsperiode for jerv og i områder ein vert einige om skal prioriterast. Prioriterte områder vert føreslegne av beitenæringa v/OB, OBS og OSG medan Rovviltnemnda i Oppland tek den endelege avgjerda. Vi vil likevel at særdeles grove tilfelle av skader grunna jerv i beitesesongen framleis skal utløysa skadefellingsløyve. Forslaget tyder at ordinær skadefelling i beitesesongen vert lagt på is, og at midlar ein før har brukt til dette kan nyttas i ei periode ein kan lykkas betre. Dette vil utan tvil gjera at midlane vert brukt meire effektivt. Dei kommunale skadefellingslaga må få ei utvida fullmakt slik at dei kan få nytta fleire verktøy i denne tida. Dette inneber bruk av snøscooter til grovlokalisering av jerv og til utkjøring av mannskap. Snøscooter må òg kunne nyttast innanfor verneområda, slik at ein kan utføre målretta uttak av jerv der. Det må også setjast meire fokus på hjelpa og nytta ein kan ha i bruk av hund både i kvotejakta og under skadefelling, da dette har vore vellykka i Hedmark.

Oppland, 23/10 2017

Oppland Bondelag	Oppland Bonde og Småbrukarlag	Oppland Sau og Geit
Trond Ellingsbø	Svenn Arne Lie	Arnfinn Beito
(sign)	(sign)	(sign)

På neste side er eit kart over Oppland med markering kvar jerv har vorte registert i perioda. Kartet visar bl.a. ei mengd aktivitet av jerv i beiteprioriterte områder, og ei forvaltning med mål om uttak av all jerv i beiteprioriterte områder ville vore til stor hjelp.



Kopi av dette brevet er sendt til Fylkesmannen i Oppland